



# LESELØFTET

## ”Leseløftet” – Handlingsplan for lesing i Samnanger kommune, 2011 - 2020

### 0.0.0 INNLEIING

Samnanger kommune har gjort vedtak om å verta ”best i lesing” i Hordaland.

Målformuleringa gjev bod om noko å ”strekka seg etter” - her må det eit ”løft” til!

For å nå målet må ein sjå heile aldersgruppa 0 – 16 år i samanheng, og heller ikkje gløyma dei vaksne, sjølv om deira lesing ikkje let seg måla like lett.

### 0.1.0 OPPBYGGINGA AV PLANEN

”Leseløftet” - Kommunal plan for lesing i Samnanger - er tre(fire-)delt:

Del 1	Målformuleringar og kriterium for måloppnåing
Del 2	Tiltak i dei kommunale instansane
Del 3	Oversyn over kartleggingsverktøy, nasjonale prøver og andre tiltak
(Del 4	Idéperm)

**0.1.1 Del 1 - Målsetjingsdelen** har eigne mål for ulike kommunale einingar, personalet, barn i førskulealder, småskulen, mellomsteget og på ungdomsskulen. I tillegg er det skissert nokre mål som den einskilde samning kan strekka seg etter. Måla skal på same tid vera oppnåelege, konkrete og målbare utan å verta altfor detaljerte. Dei er freista formulert slik at dei samstundes seier noko om kriteria for måloppnåing.

Lesefagleg innhald som er nedfelt i (fag)planverket for barnehagane og skulen, vert ikkje repetert i den kommunale leseplanen.

**0.1.2 Del 2 - Tiltaksdelen** for skule og barnehage har nokre tiltak som gjeld alle, heile året. Andre tiltak er avgrensa til enkelte årssteg, td eigne metodiske opplegg. Denne delen bør kunna endrast undervegs for å sikra nye tiltak ein ser har ønskjeleg effekt, og byta ut tiltak som ikkje fungerer tilfredsstillande. Det er her kvalitetssikringa må skje, og det er ønskjeleg at tiltaksdelen vert evaluert jamnleg på einingsnivå.

Elles bør ”Leseløftet” vera synleg på vekeplanar og skjema for utviklingssamtalane i skulen, og vera ein integrert del av det daglege livet i barnehagen.

**0.1.3 Del 3 - Kartleggingsdelen** gir oversyn over obligatorisk kartlegging og nasjonale prøvar i barnehage og skule, og seier noko om korleis ein skal følgja opp resultatata frå desse. I tillegg gir Del 3 eit oversyn over metodiske opplegg som skal brukast i skulen/barnehagen.

(Del 4 - Idépermen er ein reiskap som dei kommunale einingane skal byggja opp og ha liggjande framme slik at pedagogiske opplegg som ein ser fungerer vert lett tilgjengelege for alle. Permen vil vera ulik etter kva eining som lagar han, og tilpassa behova på eininga. Nokre idéar vil likevel verta lagt inn i permen frå starten.)

# LESELØFTET

## 0.2.0 GJENNOMFØRINGA AV PLANEN

### 0.2.1 Leseomboda

Eit leseombod skal peikast ut av styrar/ rektor på kvar barnehage/ skule. Ombodet får ansvar for å leggja til rette for at planen vert følgd, og for å halda *”Leseløftet”* varmt. Leseomboda bør vera personar som har eit engasjement for lesing.

### 0.2.2 Tverrfagleg

*Det vert understreka at fokus på lesing i skulen ikkje berre skal vera eit norskfagleg ansvar, men at alle faglærarar må ha ei medviten og aktiv rolle i gjennomføringa av leseplanen.*

Kunnskapsløftet opererer også med omgrepet ”lesing i alle fag”.

## 0.3.0 LESESTART

Alle som på ulike måtar er i kontakt med barnet kan gjera sitt til at måla vert nådde.

Heimen, barnehagen og skulen er dei aktørane som har størst mulegheit til å påverka, men også lokale samarbeidspartnarar som folkebiblioteket, helsestasjonen, pensjonistlaget, ”naboen”, kyrkja og andre kan ha påverknadskraft innanfor målområdet.

Helsestasjon, barnehage og skule kan gi informasjon og idéar/ rettleiing til føresette om korleis dei best kan hjelpa barnet sitt med leseutviklinga.

Den aller første lese- og skriveopplæringa skjer medan barna er heilt små. Den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa som vert gjeven på dei lågaste klassestega i skulen, skal vera konkret innretta mot å læra elevane å lesa så tidleg som muleg. Det må er eit mål at elevane, med hjelp av rett metodikk, skal læra å lesa – ”knekkja lesekode” – i løpet av det første halvåret i 1. klasse. Lesing er innsteget til alle andre skulefag – det må lesast i alle fag, også matematikk! Det er fundamentalt for all vidare læring å få lesinga på plass hos elevane så tidleg som muleg.

## 0.4.0 TILPASSA OPPLÆRING

Skulen skal sjå til at alle elevane får den tilpassa opplæringa dei etter lova har rett på, og td i den første lese- og skriveopplæringa velja metodar som sikrar at flest muleg får ein god start på sitt ”leseliv”. Her er nøkkelordet differensiering – ulike tilnæringsmåtar – for å sikra at barn med ulike læringsstilar og dugleikar får eit innsteg til lærestoffet som høver for dei.

## 0.5.0 BARN MED LÆREVANSKAR

I planen er det ikkje tatt særlege omsyn til barn med td språkvanskar og lese-/skrivevanskar (dysleksi). Det er sjølvsagt viktig å setja inn førebyggjande tiltak i barnehage og skule og ta tak i slike vanskar på eit tidleg stadium.

Barn med ulike former for lærevanskar må få den hjelpa dei har rett på så tidleg som muleg. Dette vil førebyggja større ressursbruk seinare i skuleløpet. Pedagogisk- Psykologisk Teneste (PPT) vil her vera samarbeidspartnar, og hjelpa med sakkunnig utreiing, testing og kartleggjing av barnet. Individuelle OpplæringsPlanar (IOP) for det enkelte barnet vert laga i samarbeid med spesialpedagog. Det er eit mål å få til slike planar så tidleg som muleg for det enkelte barnet.

# LESELØFTET

## 0.6.0 KOMMUNENIVÅET

Dei kommunale instansane må også ha eit medvit om planen, og tenkja gjennom korleis dei kan fremja planmåla i si daglege verksemd. Å arbeida for eit høgare språkleg presisjonsnivå i skriftlege framstillingar, kan vera ein måte å vera medviten om dette på.

Ein kan td sjå til at opplesing/ dramatisering av litteratur vert ein naturleg del av ulike kulturelle program i kommunen.

## 0.7.0 MÅLOPPNÅING

Korleis veit ein om måla i planen er nådde?

Resultata på dei nasjonale prøvane i 5. og 8. og 9. klasse, eksamensresultata for ungdomsskulen og utlansstatistikken for skule- og folkebiblioteket, vil gje ei tilbakemelding om i kva grad ein når måla. Ein kan likevel ikkje få noko eksakte resultat, men må halda måla varme, og informera tydeleg om måla i planen, både andsynes vaksne, foreldre og barn i kommunen.

Samnanger, 20. mai 2011

Hilde M Aarvik  
Leseplanansvarleg

# LESELØFTET

## 1.0.0 DEL 1 – Målformuleringar/ kriterium for måloppnåing

### 1.1.0 KOMMUNENIVÅET

#### 1.1.1 Samnanger kommune skal

- informera innbyggjarane i kommunen om *Leseløftet* og arbeidet med dette satsingsområdet.
- gje økonomisk handlingsrom til implementering av *Leseløftet*.
  - sikra ressursar til tilpassa opplæring og tidleg innsats i leseopplæringa.
  - sikra forsvarlege areal, kompetanse og bemanning til folkebiblioteket og skulebiblioteka.
- leggja til rette for samarbeid mellom dei impliserte kommunale instansar – helsestasjon, barnehage, skule, kulturskule, folkebibliotek/skulebibliotek – og andre naturlege samarbeidspartnarar som PPT, Den Kulturelle Bæremeisen (DKB) og – Skulesekken (DKS), Den Norske Kyrkja, inviterte kulturarbeidarar, forfattarar, etc.
- gjera ein innsats for å heva språkkvalitet og presisjonsnivå i skriftlege dokument.
- nytta høgtlesing/ dramatisering av ulik litteratur i kulturarrangement.
- 

### 1.2.0 EININGSNIVÅET

#### 1.2.1 Kultureininga v/ folkebiblioteket skal:

- leggja til rette for at brukarane får tilgang på eit breitt tilfang av litteratur
- setja i gang tiltak som fremjar leselyst og –glede
- vera ein god stad å vera
- samarbeida med skular, barnehagar og helsestasjon om lesefremjande tiltak for barn
- gje konsulenttenester til skulebiblioteka
- 

#### 1.2.2 Barnehagane skal:

- sjå til at det vert oppnemnt ein ansvarleg for gjennomføringa av *Leseløftet* (leseombod) ved kvar eining.
- informera foreldre om *Leseløftet* og korleis barnehagen arbeider med det.
- samarbeida med folkebiblioteket om depot av bøker og utlån til foreldre.
- leggja til rette for gode overgangar mellom barnehagen og skulen.
- samarbeida med barneskulen om overgang for barn med spesielle behov.
- samarbeida med 4. klasselærer om høgtlesing i barnehagen.
- samarbeida med foreldre/ føresette om leserelaterte tema.
- invitera folk utanfrå til å gi barna leseopplevingar (elevlar, pensjonistar, DKB, kulturarbeidarar oa)
- 

#### 1.2.3 Skulane skal

- sjå til at det vert oppnemnt ein ansvarleg for gjennomføringa av *Leseløftet* (leseombod) ved kvar eining.
- informera elevlar og foreldre om *Leseløftet* og korleis skulen arbeider med det.

# LESELØFTET

- leggja til rette for at kvar klasse skal ha bibliotektid med skulebibliotekar kvar veke. (td 30 min av norskfaget til lesing, boklån og pedagogiske opplegg)
- prioritera ressursar til leseopplæring, leseombod og skulebibliotek.
  - budsjettera med litteraturinnkjøp til skulebiblioteket.
  - sikra eige areal til skulebibliotek.
- leggja til rette for gode overgangar mellom barneskule/ungdomsskule og ungdomsskule/vidaregåande skule.
- sikra tverrfaglegdom ved å driva leseopplæring i alle fag og på alle klassesteg i skulen, jfr Kunnskapsløftet.
- leggja til rette for aldersblanda arbeid med lesing.
- synleggjera *Leseløftet* i vekeplanar og skjema for utviklingssamtalar
- samarbeida med PPT om testing og utreiing av elevar med spesielle behov.
- leggja til rette for etterutdanning og vidareutdanning innan fagfeltet lesing og nærliggjande fagfelt.
- prioritera ekstra pedagogressursar til dei lågaste klassestega.
- samarbeida med foreldre/ føresette om barnet si leseutvikling.
- invitera folk utanfrå til å gi barn leseopplevingar (pensjonistar, kulturarbeidarar, DKS, forfattarar oa)
- 

## 1.2.4 Pedagogar og assistentar i barnehage/skule skal

- vera medvitne om at leseopplæringa begynner i barnehagen og held fram på alle klassesteg i skulen.
- prioritera lesing i alle fag på skulen.
- fanga opp elevar med spesielle behov tidleg og søkja hjelp frå PPT når det er naudsynt.
- jamnleg snakka med barna om kor viktig lesing er for skulegang, yrkesliv og i dagleglivet.
- motivera barna til å lesa mykje.
- gje barn gode opplevingar med lesing.
- vera gode rollemodellar – td. snakka om kva dei les.
- lesa mykje for barna.
- 

## 1.2.5 Leseombodet (ansvarleg for gjennomføringa av leseplanen) på eininga skal

- arbeida for at *Leseløftet* vert gjennomført etter planen.
  - ta initiativ til årleg evaluering av planen
  - følgja opp evalueringa i ettertid
- informera tilsette og føresette om relevante problemstillingar.
- leggja til rette for pedagogane sitt arbeid med planen.
- utvikla enkle og tilgjengelege verktøy for gjennomføringa av *Leseløftet*.
- 

## 1.3.0 BRUKARNIVÅET

### 1.3.1 Når barnet når skulealder skal det:

- kjenna til mange bokstavlydar.
- ha mykje erfaring med bøker og lesing.
- vera kjend med eit utval barnelitteratur for si aldersgruppe.

# LESELØFTET

- vera kjend med eit utval barnesongar, -rim og –regler.
- ha fått gode opplevingar med lesing.
- ha øvd på å skriva namnet sitt og mange bokstavar med riktig blyantgrep.
- eiga bøker sjølv og bruka tid med bøker åleine og saman med andre.
- ha øvd på å få med seg beskjedar som vert gjevne i plenum.
- ha høyrte om *Leseløftet*.
- 

## 1.3.2 I løpet av 1. – 2. klasse skal elevane

- ha knekt lesekode i løpet av første halvår i første klasse.
- trivast med å sjå i og lesa bøker, både skjønn- og faglitteratur.
- kunna lesa lettlesbøker på sitt nivå, både skjønn- og faglitteratur.
- kunna skriva store og små bokstavar og enkel tekst etter diktat.
- ha utvikla gode strategiar for (høgt-)lesing av ukjend tekst på sitt nivå.
- ha sett filmatisering av eit utval bøker som dei har lese.
- læra å finna fram på skulebiblioteket.
- få kjennskap til *Leseløftet* og den overordna målsetjinga.
- vita kven leseombodet er.

## 1.3.3 I løpet av 3. – 4. klasse skal elevane

- trivast med å lesa bøker og annan tekst.
- læra å lesa barnebøker sjølve, både med lettlesen tekst og annan.
- læra å lesa og forstå enkle fagtekstar.
- læra å lesa enkel ukjend tekst høgt utan for mykje stopp eller lydering.
- få kjennskap til eit utval norske og utanlandske barnebokforfattarar og ha lese noko av det dei har skrive.
- ha sett filmatiseringar av eit utval bøker.
- verta kjende på og kunna bruka skulebiblioteket.
- verta kjende med tilboda på folkebiblioteket.
- læra å bruka ordliste.
- læra nokre ”studieteknikkar”.
- få kjennskap til innhaldet i *Leseløftet*.
- verta vande med å lesa høgt – både kjend og ukjend tekst
- arrangera eventyrstunder for barnehagebarn
- 

## 1.3.4 I løpet av 5. – 7. klasse skal elevane

- framleis trivast med å lesa bøker og annan tekst.
- verta kjende med kva som finst av skjønnlitteratur for si aldersgruppe, og ha lese ein god del av det.
- ha sett filmatisering av eit utval bøker.
- verta kjende med og bruka folkebiblioteket aktivt, også på fritida.
- vera i gang med å lesa skjønnlitteratur på eiga hand og ha utvikla lese lyst og lese glede.
- aktivt kunna bruka fagtekstar, både i bøker og på internett.
- utvikla strategiar for lesing av ulike tekstar, både skjønnlitteratur, faglitteratur og samansette tekstar.
- skåra høgast i Hordaland på nasjonal prøve i lesing.
- ha auka lesetempoet til 160 ord pr min innan dei begynner på ungdomsskulen.

# LESELØFTET

- ha lært det viktigaste av rettskriving ved utgangen av 7. klasse.
- verta aktive brukarar av skulebibliotek og folkebibliotek.
- kunna bruka ordliste, også digitalt.
- lære å bruka fleire studieteknikkar.
- få god oversikt over innhaldet i *Leseløftet*.
- arrangera høgtlesingsstunder for yngre elevar.
- verta utfordra til å deklamera/ lesa høgt ved ulike offentlege høve.
- sjølve kunna vurdere korleis dei står i høve målsetjingane i *Leseløftet*.
- 

## 1.3.4 I løpet av 8. – 10. klasse skal elevane

- trivast med å lesa, både for oppleving og læring.
- utvikla sine egne ”leseliv” utanom skulen sin regi, der dei aktivt brukar bibliotek.
- ”alltid” ha ei bok dei held på å lesa.
- aktivt kunna nytta seg av lesing for å tileigna seg kunnskap, og for opplevinga si skuld.
- kunna lesa høgt flytande med innleving i eit funksjonelt lesetempo.
- verta grundig kjende med og lære å nytta ulike lesestrategiar.
- verta kjende med til eit utval skjønnlitteratur og forfattarane.
- verta aktive brukarar av fagtekstar og samansette tekstar i skularbeid og i dei 6 utvalde temaene.
- lære å nytta lesedugleikane sine funksjonelt.
- auka lesetempoet sitt til eit funksjonell og effektiv lesenivå – ca 250 ord pr min.
- skåra høgast i Hordaland på nasjonale prøver i lesing.
- sjølve kunna vurdere korleis dei står i høve målsetjingane i *Leseløftet*.
- arrangera opplesing/dramatisering av ulik litteratur på Samnangerheimen.
- verta utfordra på å deklamera/ lesa høgt ved ulike offentlege høve.
- 

## 1.3.5 I vidaregåande skule skal elevane frå Samnanger

- verta kjende for si gode leseevne og interesse for litteratur, sin kunnskapshunger og sine gode evner til munnleg og skriftleg framstilling.
- verta kjende for sitt store ordforråd, si språkelege forståing og sin kunnskap om film og litteratur.
- vera til hjelp og støtte for medelevar i leserelaterte situasjonar.
- vera aktive brukarar av bibliotektenester, også digitalt.
- 

## 1.3.6 Dei vaksne innbyggjarane i Samnanger kan

- vera aktive brukarar av folkebiblioteket.
- gje barn og unge bøker til jul og fødselsdagar.
- fortelja barn og unge om egne leseopplevingar.
- spørja ”kva les du for tida?” i møte med barn/unge og andre vaksne.
- vera ”synlege lesarar”.
- snakka saman om bøker dei har lese.
- tilby å lesa høgt i barnehagane, skulen og på Samnangerheimen.
- etablere litteratursirklar for ungdom og vaksne.
- visa interesse for *Leseløftet* i møte med barn og unge.



# LESELØFTET

# LESELØFTET

## 2.0.0 Kommunal plan for lesing i Samnanger 2011 – 2020

Alder	Barnehagen	Heimen - framlegg	Folkebiblioteket	Andre
0 – 4 år	<p><b>Fokus på språkstimulering og leseglede</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Peikebøker/ biletbøker tilgjengelege på avdeling</li> <li>- Lesa bøker, eventyr og forteljingar høgt</li> <li>- Syngja og leika songleikar</li> <li>- Bruka rim og regler i rutinesituasjonar og elles</li> <li>- Lytta, observera og gje respons til barna</li> <li>- Barna får snakka og fortelja på sin eigen måte utifrå kvar enkelt sin verbale ståstad</li> <li>- Rolleleik der barna får kommunisera med kvarandre-</li> <li>- Blyantgrep</li> <li>- ”<b>Snakkepakken</b>” oa konkrete språkstimulerande middel</li> <li>- ”<b>TRAS</b>”- kartleggjings verktøy for språkutviklinga</li> <li>- Tiltak for å betra språkutviklinga</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa og syngja for barnet</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lyd bøker (td på biltur)</li> <li>- Ta med barnet på folkebiblioteket</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Depot med bøker til barnehagane</li> <li>- Informasjon på foreldremøter</li> <li>- Utlån av bøker til foreldre frå barnehagane</li> <li>- Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> <li>- Boksjeck til 4-åringar</li> </ul>	<p><b>Kyrkja</b> – utdeling av 4-årsbok</p> <p><b>PPT</b> – Testing av barn med særlege vanskar, råd-gjeving</p> <p><b>Kulturskulen</b>- song-litteraturen</p> <p><b>DKB</b> – innslag med lesing/ dramatisering av litteratur og litterære emne</p> <p><b>Pensjonistar</b>- Eventyrstund i barnehagen</p> <p><b>Helsestasjonen</b> – Oppmoda foreldre om å lesa høgt for barna og gje dei gode leseopplevingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- språkscreening av 2- og 4-åringane</li> <li>- bokgåvesjeck frå biblioteket på 4-årskontrollen</li> </ul>

# LESELØFTET

Alder	Barnehagen	Heimen - framlegg	Folkebiblioteket	Andre
5 – 6 år	<p><b>Fokus på språkstimulering og leseglede</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Les og fortel – skjønnlitteratur, faktabøker, dikt, rim og regler</li> <li>- Syngja barnesongar og songleikar</li> <li>- Lytta til musikk og lydbøker</li> <li>- Leggja til rette for gode samtalar rundt bordet, i samlingsstund, barnemøte og barnesamtalar.</li> <li>- Teikning og skrivning/ leikeskriving</li> <li>- Dikting av songar og forteljingar</li> <li>- Bruk av skrift og bokstavar i leik og ulike spel</li> <li>- Laga skilt, namneskilt, plakatar og billetter</li> <li>- Skrivning av brev, kort, hugseliste beskjedar etc.</li> <li>- ”<b>Språksprell</b>” – førskuleopplegg med sikte på språkleg/ fonologisk medvit</li> <li>- Bruk av IKT - pedagogiske dataprogram (”dataspel”)</li> <li>- Leika med lydane, rim og regler</li> <li>- Språksprell og førskulemateriell</li> <li>- Omgrep, bruk av preposisjonar</li> <li>”<b>Snakkepakken</b>” oa konkrete språkstimulerande middel.</li> <li>- Kartleggingsverktøy for språkutvikling</li> <li>- Samarbeid med skulen om overgang – info etc om kvart enkelt barn.</li> <li>- Høgtlesingsstunder med gjester utanfrå. (elevar, eldre)</li> <li>- Læra mange barnesongar utanåt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa og syngja for barnet</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Ta med barnet på folkebiblioteket</li> <li>- Lesa skilt og annan tekst i dagleglivet</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utlån av bøker til barnehagane</li> <li>Informasjon på foreldremøter</li> <li>- Utlån av bøker til foreldre frå barnehagane</li> <li>-Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<p><b>Kyrkja</b> – utdeling av 6-årsbok.</p> <p><b>PPT</b>- testing av barn med særlege vanskar, rådgjeving</p> <p><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen</p> <p><b>DKB</b> – innslag med lesing/ dramatisering av litteratur og litterære emne</p> <p><b>Pensjonistar</b> - eventyrstund i barnehagane</p> <p><b>Helsestasjonen</b> – oppmoda foreldre til å lesa høgt for barnet, og gje det gode leseopplevingar.</p> <p>- fokus på språkutvikling.</p>

# LESELØFTET

	- Ev oppmelding til PPT av barn med dårleg språkutvikling.			
Alder	Skulen	Heimen - framlegg	Folkebiblioteket	Andre
1 klasse	<p>Grunnleggjande lese- og skriveopplæring</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettleiing/ info til foreldre</li> <li>- Kartlegging av nivå – samarb m foreldre og barnehagen</li> <li>- Systematisk innlæring av alle bokstavane – fonem og grafem</li> <li>- Innlæringsmåtar som tar i bruk alle sansane</li> <li>- Analyse og syntese</li> <li>- Høgfrequente ord på veggen</li> <li>- Enkle lettlesne bøker tilpassa nivå til dei som kan lesa</li> <li>- Høgtlesing for elevane</li> <li>- Stillelesing kvar dag og som ekstraoppgåver</li> <li>- Fokus på leseforståing</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Klassebibliotek</li> <li>- Laga bøker sjølve</li> <li>- Jamnleg testing av tileigna - kunnskap på fonem/grafemnivå</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Ev oppmeldingar til PPT</li> <li>- Forfattarbesøk</li> <li>- Kartlegging lesing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa og syngja for barnet</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Ta med barnet på folkebiblioteket</li> <li>- Lesa skilt og annan tekst i dagleglivet</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>-Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<p><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, råd-gjeving</p> <p><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</p> <p><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</p> <p><b>Avis i skulen</b></p> <p><b>Helsestasjonen</b> – oppmoda foreldre til å lesa høgt for barnet, og gje barnet gode leseopplevingar.</p> <p>- Fokus på språkutvikling.</p>

# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen - framlegg	Folkebiblioteket	Andre
2 klasse	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Repetisjon av bokstavane – grafem og fonem</li> <li>- Høgtlesing – Teikna til</li> <li>- Filmen til boka -</li> <li>- Stillelesing kvar dag</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Høgfrequente ord på plakatar i klasserom</li> <li>- Skriva egne dikt</li> <li>- Laga egne bøker</li> <li>- Leselekse – skjønnlitteratur (Bøker)</li> <li>- Kartlegging Aski Raski</li> <li>- Systematisk lesing av lettlesbøker (med oppgåver til)</li> <li>- Enkle bokmeldingar</li> <li>- Låna bøker på skulebiblioteket</li> <li>- Klassebibliotek</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Ev oppmeldingar til PPT</li> <li>- Forfattarbesøk</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Obligatorisk kartlegging lesing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Les og syngja for barnet</li> <li>- Les sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Ta med barnet på folkebiblioteket</li> <li>- Les skilt og annan tekst i dagleglivet</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>-Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, rådgjeving</li> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> </ul>

# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen – framlegg	Folkebiblioteket	Andre
3 klasse	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Høgtlesing – Teikna til</li> <li>- Filmen til boka</li> <li><u>Hyllebok:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Stillelesing kvar dag</i></li> <li>- <i>Lettlesen skjønnlitteratur</i></li> <li>- <i>Lettlesne fakta-bøker</i></li> </ul> </li> <li>- Høgfrequente ord på plakatar i klasserom</li> <li>- Skriva egne dikt</li> <li>- Laga egne bøker Lesekonkurranse – flest sider pr elev</li> <li>- Skriva korte bokmeldingar</li> <li>- Leselekse – skjønnlitteratur</li> <li>- Systematisk lesing av lettlesbøker (med oppgåver til)</li> <li>- Låna bøker på skulebiblioteket</li> <li>- Klassebibliotek</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Ev oppmeldingar til PPT</li> <li>- Forfattarbesøk</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Kartlegging lesing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa høgt for barnet</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Ta med barnet på folkebiblioteket</li> <li>- Lesa skilt og annan tekst i dagleglivet</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>-Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<p><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, rådgjeving</p> <p><b>Kulturskulen-</b> song-litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</p> <p><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</p>

# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen – framlegg	Folkebiblioteket	Andre
4 klasse	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Høgtlesing – Teikna til</li> <li>- Sjå filmen til boka</li> <li>- Hyllebok</li> <li>- Høgfrekvente ord på plakatar</li> <li>- Skriva egne dikt</li> <li>- Laga egne bøker</li> <li>- Lesekonkurranse – flest sider pr elev</li> <li>- Skriva korte bokmeldingar</li> <li>- Leselekse – skjønnlitteratur</li> <li>- Systematisk lesing av lettlesbøker</li> <li>- Lesa høgt i barnehagen</li> <li>- Låna bøker på skulebiblioteket</li> <li>- Klassebibliotek</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Ev oppmeldingar til PPT</li> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Forfattarbesøk</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Øving på nasjonal prøve (som 5. kl. har hatt)</li> <li>- <b>Lesekurs</b> (eigen metodikk)</li> <li>- Besøkja folkebiblioteket</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa høgt for barnet</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Ta med barnet på folkebiblioteket</li> <li>- Lesa skilt og annan tekst i dagleglivet</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>-Lese konkurranse på nett om sommaren</li> <li>- Besøk i samband med bading</li> </ul>	<p><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, rådgjeving</p> <p><b>Kulturskulen</b> – songlitteraturen , dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</p> <p><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</p>

# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen – framlegg	Folkebiblioteket	Andre
<b>5 klasse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Lesekonkurranse – flest sider pr elev</li> <li>- Hyllebok</li> <li>- Skriva meir utførlege bokrapportar på nokre bøker</li> <li>- ”Leselyst” - metodisk opplegg om våren</li> <li>- Fagtekstlesing</li> <li>- Lesa høgt for 1. klassingane</li> <li>- Nasjonal prøve i lesing</li> <li>- Låna bøker på skulebiblioteket</li> <li>- Klassebibliotek m system for avkryssing</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Ev oppmelding til PPT – siste sjanse!</li> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Forfattarbesøk</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Laga egne bøker</li> <li>- Lesa og skriva dikt på form</li> <li>- Læra korleis biblioteket er organisert (Dewey/emne) og korleis bøkene er merka (alder/ fargekodar)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- La barnet lesa høgt heime</li> <li>- Les høgt for barnet</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Hjelpa barnet å bruka folkebiblioteket</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>- Verdens bokdag i april</li> <li>- Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Kyrkja</b> – utdeling av teikneseriebibel</li> <li><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, rådgjeving</li> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> </ul>



# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen – framlegg	Folkebiblioteket	Andre
<b>6 klasse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Lesekonkurranse – flest sider pr elev</li> <li>- Hyllebok</li> <li>- Fagtekstlesing</li> <li>- Lesa høgt for 2. klassingane</li> <li>- Låna bøker på skulebiblioteket</li> <li>- Klassebibliotek m system for avkryssing</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Forfattarbesøk</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Laga skuleavis</li> <li>- Kartleggeren, norsk, haust og vår</li> <li>- Lesa og skriva dikt på form</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- La barnet lesa høgt heime</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Hjelpa barnet å bruka folkebiblioteket</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>- Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, rådgjeving</li> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> <li><b>Bokhandlarane</b> - boksjekk</li> </ul>
<b>7 klasse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Lesekonkurranse – flest sider pr elev</li> <li>- <b>”Grip boka”</b> - metodisk opplegg om hausten.</li> <li>- Hyllebok</li> <li>- Fagtekstlesing</li> <li>- Lesa høgt for 3. klassingane</li> <li>- Lesa ein lokal forfattar</li> <li>- Forfattarbesøk etterpå</li> <li>- Øva på nasjonal prøve</li> <li>- Låna bøker på skulebiblioteket</li> <li>- Klassebibliotek m system for avkryssing</li> <li>- Bruk av pedagogiske dataspel</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- La barnet lesa høgt heime</li> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for bøker</li> <li>- Gi barnet bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Hjelpa barnet å bruka folkebiblioteket</li> <li>- Fortelja til barnet</li> <li>- Samtala mykje med barnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>-Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>PPT</b> – testing av elevar med særlege vanskar, rådgjeving</li> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> <li><b>Bokhandlarane</b> - boksjekk</li> </ul>

# LESELØFTET

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar</li> <li>- Laga egne bøker</li> <li>- Øving på nasjonal prøve (som 8. kl. har hatt)</li> <li>- Lesa og skriva dikt på form</li> </ul>			
<b>Alder</b>	<b>Skulen</b>	<b>Heimen – framlegg</b>	<b>Folkebiblioteket</b>	<b>Andre</b>
<b>8 klasse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag på skulen og heime, jfr Kunnskapsløftet</li> <li>- Stillelesing på skulen</li> <li>- Fagtekstlesing</li> <li>- <b>Lesekvarten</b> (Skjønnlitteratur i heimelekse og i feriar)</li> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Bok-kafè i storefri</li> <li>- Læra korleis bøkene på skulebiblioteket er merka</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar kvar veke</li> <li>- <b>TxT- aksjonen</b></li> <li>- Besøk på folkebiblioteket i grupper</li> <li>- Fordjuping i språkhistorie</li> <li>- Lesa høgt på Samnanger-heimen</li> <li>- Lesekonkurranse</li> <li>- Læra meir om korleis biblioteket er organisert (Deweys desimalsystem) og korleis bøkene er merka (a,b,bu,u,mu, farge- og andre kodar)</li> <li>- Nasjonal prøve i lesing, norsk og engelsk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for lesing</li> <li>- Gi ungdomen bøker som gåve</li> <li>- Høyra lyd bøker (td på biltur)</li> <li>- Oppfordra til å bruka biblioteka</li> <li>- Samtala mykje med den unge</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innføring i Dewey, plassering og merking av bøker på folkebiblioteket</li> <li>- Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>- Gruppeopplegg om Dewey's desimalsystem og kjeldekritikk</li> <li>- Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> </ul>

# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen – framlegg	Folkebiblioteket	Andre
<b>9 klasse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Stillelesing på skulen</li> <li>- Fagtekstlesing</li> <li>- Skjønnlitteratur i heimelekse</li> <li>- Lesa i alle fag</li> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Lesa høgt på Samnanger-heimen</li> <li>- Lesa i friminutta</li> <li>- Bok-kafè i storefri</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar kvar veke</li> <li>- <b>TxT- aksjonen</b></li> <li>- Fordjuping i eit forfattarskap</li> <li>- <b>Lesekvarten</b></li> <li>- Skriva bokrapportar om nokre av bøkene dei har lese</li> <li>- Lesekonkurranse</li> <li>- Nasjonal prøve i lesing, norsk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesa sjølv og visa interesse for lesing</li> <li>- Gi ungdomen bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Oppfordra til å bruka biblioteka</li> <li>- Samtala mykje med den unge</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>- Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Kyrkja</b> – Utdeling av Bibelen til konfirmantar</li> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> </ul>

# LESELØFTET

Alder	Skulen	Heimen – framlegg	Biblioteket	Andre
<b>10 klasse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare leseopplæring i alle fag</li> <li>- Stillelesing på skulen</li> <li>- Fagtekstlesing</li> <li>- Skjønnlitteratur i heimelekse</li> <li>- Les i alle fag</li> <li>- Høgtlesing/ framføringar</li> <li>- Les høgt på Samnanger-heimen</li> <li>- Les i friminutta</li> <li>- Bok-kafè i storefri</li> <li>- Timeplanfesta bibliotektime med bibliotekar kvar veke</li> <li>- <b>Txt-aksjonen</b></li> <li>- Fordjuping i eit litterært emne</li> <li>- <b>Lesekvarten</b></li> <li>- Skriva bokrapportar om nokre av bøkene dei har lese</li> <li>- Lesekonkurranse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Les sjølv og visa interesse for lesing</li> <li>- Gi ungdomen bøker som gåve</li> <li>- Høyra lydbøker (td på biltur)</li> <li>- Oppfordra til å bruka biblioteka</li> <li>- Samtala mykje med den unge</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon av <b>Årets bøker</b> i januar.</li> <li>- Lesekonkurranse på nett om sommaren</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Kulturskulen</b> – song - litteraturen, dramatisering av litteratur, deklamasjon og opplesing</li> <li><b>DKS</b> – tilbod med litterære emne</li> </ul>

# LESELØFTET

## 3.0.0 Del 3 – Oversyn over nasjonale prøver, testar, metodiske opplegg, og kartleggingsverktøy som er i bruk.

### 3.1.0 I BARNEHAGEN

Tittel	Kommentar
Snakkepakken	Konkret, språkstimulerande materiell
TRAS	Kartleggingsverktøy for språkutvikling
Språksprell	Metodisk førskuleopplegg

### 3.1.2 I SKULEN

Klassesteg	Tittel	Kommentar
1	Leseklar?	Kartleggingsopplegg
2	Leseklar? Carlsten leseprøve Obligatorisk nasjonal kartlegging Kartleggeren norsk Aski Raski	v logoped Databasert Databasert SU Kartl
3	Carlsten leseprøve Obligatorisk nasjonal kartlegging	v logoped
4	Lesekurs Øva på nasjonal prøve	Eigen metodikk Oppgåvetyten
5	Nasjonal prøve lesing Leselyst	Metodisk opplegg om våren
6	Kartleggeren norsk	Haust og vår
7	Grip boka Øving på nasjonal prøve	Metodisk opplegg om hausten Oppgåvetyten
8	Nasjonal prøve lesing Txt- aksjonen Årsprøve	Leseaksjon med premiar, dels på internett
9	Nasjonal prøve lesing Txt- aksjonen Årsprøve	
10	Txt- aksjonen Eksamen	

### 3.2.0 OPPFØLGJING

#### 3.2.1 Førearbeid

Øving på oppgåvetype i samband med dei nasjonale prøvene er omdiskutert, og ein ser det ikkje som tenleg å nytta for mykje tid på dette. Samstundes er det viktig å leggja til rette for at elevane får visa kva dei kan. Den enkelte lærar må vurdere kor mykje tid som trengst til dette.

# LESELØFTET

## 3.2.2 Resultat

Resultata frå kartlegging, årsprøver og nasjonale prøver skal nyttast til å betra læringsresultatet for det einskilde barnet.

Nokre av kartleggingsverktøya gir instruksar om korleis og kva ein bør arbeida med ut frå resultatet til den enkelte eleven.

## 3.2.3 Tiltak

Resultata skal alltid kommuniserast til foreldre/ føresette. I samarbeid med heimen skal ein verta samde om kva for tiltak som kan vera aktuelle for det einskilde barnet.

Når eit barn viser ein uvanleg låg skåre på dei ulike kartleggingsprøvene eller deler av dei, skal ein vurderer oppmelding til PPT for å få utreia om det er særlege vanskar som ligg til grunn for resultatet. Slik kan ein få hjelp til å leggja til rette oppfølging og undervisning av barnet tidlegast muleg.

**Også når eit barn skårar uvanleg høgt, skal det vurderast om barnet treng meir tilpassa opplæring på sitt nivå, slik det har krav på.**